



MUSEA I SOGN OG FJORDANE

**Stiftinga Musea i
Sogn og
Fjordane
Sogn Fjordmuseum**

Jobbnorge ID: 202261

Deadline: 4/6/2021

Website: <https://misf.no/>

Scope: Fulltime

Duration: Season

Vil du vere sommarvert på Sogn Fjordmuseum?

Sommarvert

Om Sogn Fjordmuseum

Sogn Fjordmuseum ligg ved Amlabukti (Kaupanger) i Sogndal kommune, og høyrer til De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemusuem. Vi formidlar fjordkulturen, og har ei flott samling gamle båtar og maritime gjenstandar frå Sogn. På museet har vi også ei skjenkestove frå 1800-talet, ein rekonstruert båtbyggjarverkstad, museumsbutikk og ein liten kafe. Les meir på denne [lenkja](#).

Sommarvert på Sogn Fjordmuseum

Sommaren er normalt ei travel tid på museet, med mange besøkande som vil oppleve utstillingane, dei kulturhistoriske samlingane, kulturlandskapet og friluftsområda på museet.

Som sommarvert spelar du ei viktig rolle i sesongavviklinga, og du vil ta del i og løyse mange oppgåver på museet, både åleine og saman med andre.

Arbeidsoppgåver for sommarvertane vil vere:

- Gje informasjon og yte sørvis til besøkande på museet
- Førstelinjetenester i resepsjonen
- Kafeoppgåver
- Butikkoppgåver
- Førebyggjande smittevernstiltak og enkle reinhaldsoppgåver

Du får opplæring og oppfølging frå museet sine fast tilsett

Vi søker deg som:

- er fødd seinast i 2002
- er flink til å uttrykke deg munnleg på norsk og engelsk, og gjerne andre språk
- trivst i vertskaps- og omvisarrolla
- er blid, open og omgjengeleg
- har interesse for og likar å formidle kulturhistorie
- tilpassar deg og trivast med variasjon i arbeidsoppgåver
- er stødig og til å lite på
- har ordenssans

Generell informasjon

Som sommarvert på Sogn Fjordmuseum vil du vere tilsett i MiSF, avdeling kulturhistorie.

Arbeidet følgjer vaktplan, normalt med arbeidstid i tidsrommet 10:00-17:00 tysdag til søndag perioden 01.06-31.08.

Du må opplyse i søknaden om kva periodar du har høve til å jobbe

Sommarvertane blir løna som timelønstilsette i samsvar med satsar i Landsoverenskomsten (VIRKE). Kveldstillegg for vakter etter 17:00, og helgetillegg for vakter laurdag og søndag.

Søknadsfrist: 06.04.2021

Søknad registrerer du via lenke på denne sida. CV, vitnemål og attestar skal du laste opp under "Vedlegg".

For meir informasjon, ta kontakt med museumsleiar Aud Ross Solberg på tlf. 47 45 27 68.

Ved spørsmål som gjeld elektronisk søknadsskjema kan du ta kontakt med Jobbnorge på tlf. 75 54 22 20 eller kundeservice@jobbnorge.no kvardagar mellom 08:00-16:00.

Om oss

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er eit konsolidert museum med visjon om å vere ein relevant og aktiv samfunnsaktør innan kunst og kulturarv.

De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum, Norsk Reiselivsmuseum, Sunnfjord Museum, Nordfjord Folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Norsk Kvernsteinsenter og Sogn og Fjordane Kunstmuseum er med i den konsoliderte eininga.

Vi nyttar nynorsk som administrasjonsspråk og i skriftleg kommunikasjon med eksterne.

Stiftinga har omlag 50 årsverk.

Les meir om Musea i Sogn og Fjordane på denne [lenkja](#).

Additional information

Place of service:

Sogn Fjordmuseum 6854 Kaupanger (Sogndal Municipality)